

STAD

Heimetenesta

Heimetenester


Informasjon til deg som mottek tenester i Stad kommune



Informasjon 2024/2026



Stad
kommune



Alle helse- og omsorgstenester må ein søkje om ut i frå hjelpebehov

Våre avdelingar

Heimetenesta i Stad har følgjande avdelingar:

- **Avdeling Nordfjordeid/Bryggja** - Inkluderer Fossevegen bufellesskap
- **Avdeling Selje/Stadlandet** - Inkluderer Flatebø og Fredly bufellesskap

Tenestetildeling

Alle helse- og omsorgstenester må ein søkje om ut i frå hjelpebehov. Stad kommune har tenestestandard for tenester i helse og omsorg. Standarden gjev deg som brukar god informasjon om dei ulike tenestene som ytast av heimetenesta.

Du finn standarden på www.stad.kommune.no

Stad kommune har eiga tildelingsnemnd beståande av kommuneoverlege, kommunalsjef for helse og omsorg, einingsleiar for heimetenesta, helseavdelinga, institusjonane og bu- og miljøtenesta. Det er faste møter kvar veke der alle søknadar om helse og omsorgstenester vert drøfta før vedtak vert fatta.

Ved spørsmål angående søknad og vedtak kan du ta kontakt med sakshandsamarteamet. Ved andre spørsmål eller beskjedar ber vi deg og dine pårørnde om å nytte oppgitt telefonnummer på neste side for di avdeling.



Sakshandsamarteamet kan du kontakte på telefonnummer 948 16 515.



Når du treng å ta kontakt

Det er mange som mottar tenester frå heimetenesta, og som har behov for å kontakte oss av ulike årsaker. På grunn av stor pågang både frå tenestemottakarar og samarbeidspartnarar ser vi behov for å informere om korleis de på beste måte kan kontakte oss, slik at du får snakke med rett person til rett tid.

Telefontid

Vi innfører telefontid måndag til fredag, og våre avdelingar er då tilgjengeleg på telefonnummer under i tidsromma kl. 10.00 – 11.00 og kl. 13.00 – 14.00. Vi ber om at telefontid blir respektert.

Avdelingsleiar på Bryggja har kontordag måndag, torsdag, samt onsdag i partallsvekene.

Vi ønskjer at du som hovudregel nyttar desse telefonnummera når du har spørsmål knytt til tenestene dine eller har beskjedar til oss. Då får du snakke med ein av våre avdelingsleiarar. Dei vil etter beste evne hjelpe deg per telefon, vidareformidle beskjedar eller setje deg i kontakt med rett person. Avbestilling eller endring av middagsbringning skal meldast til heimetenesta, ikkje direkte til kjøkenet.



57 88 58 55 Avdelingsleiar Nordfjordeid
48 18 45 36 Avdelingsleiar Selje/Stadlandet

Einingsleiar i heimetenesta Stad kommune:

Annette Hovden

E-post: annette.hovden@stad.kommune.no

Telefon: 454 78 472





Heimetenesta sine vakttelefonar

Vakttelefon Nordfjordeid 480 06 141

Vakttelefon Selje 976 67 623

Vakttelefon Stadlandet 951 40 595

Overnemnde telefonnummer kan nyttast til nyleg oppståtte hendingar og/eller endringar, samt der ein treng direkte kontakt med fagleg kompetanse. Tilsett som har denne telefonen er alltid ute på oppdrag i heimane til dei som treng vår hjelp, og skal derfor ikkje forstyrrast unødige, og om mogleg ber vi henvendelsar vente til etter kl. 12.00.

Om du treng legetilsyn ber vi deg kontakte:

- Fastlegen din
- Legevakt på telefonnummer **116 117**
- Ambulansse på telefonnummer **113** dersom du treng akutt helsehjelp

Ressurspersonane innan *syn/hørsele*, innan *palliasjon/kreftomsorg* og innan *demens* arbeider og ute i heimane til dei som treng vår hjelp. Ressurspersonane har per no ikkje faste dagar der dei er tilgjengelege på kontoret, men ta kontakt med avdelingsleiar per telefon så vil du verte kontakta for å avtale tid.



Om du er usikker på om det er heimetenesta du skal snakke med, kan du ringe Stad kommune sitt sentralbord 57 88 58 00. Dei kan hjelpe deg med å komme i kontakt med rett person/avdeling.



Informasjon om tidspunkt for besøk

Vi har mange vi skal hjelpe, og mange ønskjer hjelp i same tidsrom. Det er vanskeleg for oss å love at vi skal kome til bestemte klokkeslett. Vi forstår at du synes det er frustrerande at vi ikkje alltid kan kome til det tidspunktet du aller helst ønskjer, men vi prøver å imøtekome ønska så godt vi kan samtidig som vi får ivareteke alle sine behov for helsehjelp og anna bistand.

Av og til opplever du nok og å måtte vente lenger enn avtala. Vi skal jobbe for å vere flinke å gje deg beskjed dersom vi ser at vi vert forsinka! Men vi ber om forståing for at vi må prioritere akutte hendingar, personar som har behov for nødvendig helsehjelp og som treng hjelp til bestemte tidspunkt av medisinske årsaker.

Digital heimeoppfølging (DHO)

Stad kommune har fokus på digital heimeoppfølging, og vil for aktuelle brukarar der dette er tenleg, kunne tilby tenester som dekkast inn med digitalt verktøy som fyrste val. Dette kan for eksempel være digital medisindispensar, døralarmar, sensorisk utstyr, oppfølging gjennom ipad med meir.

Informasjon om pasientreiser

Pasientfølgje til legetimar og undersøkingar er ikkje ei teneste som heimetenesta utfører. Dersom du har behov for følgje av medisinske årsaker må behandlande lege stadfeste dette skriftleg før undersøkinga. Du må alltid prøve å ordne med nokon som kan følgje deg privat. Pårørande eller kjende som følgjer kan søkje om å få dekkta tapt arbeidsforteneste og refusjon for eventuelle reiseutgifter frå pasientreiser. Ta kontakt med Pasientreiser Helse Førde på telefon 915 05 515 for meir informasjon.

Notat





STAD
A
●



Stad kommune

post@stad.kommune.no
www.stad.kommune.no